



OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN HELSE FONNA

Versjon 2016 – sist oppdatert 17. mai 2016

Innhold

1. Endringar sidan siste versjon.....	3
2. Rettsgrunnlag.....	3
3. Føremål med beredskapsplan.....	3
4. Omfang.....	3
5. Ansvar.....	3
6. Definisjon krise.....	3
7. Krisenivå.....	3
8. Prinsipp for kriseleiing.....	4
9. Definisjon kriseleiar og kriseleiinga.....	4
10. Type hendingar.....	4
11. Kven kan ta avgjerd om utløysing av krisealarm.....	5
12. Kva slags informasjon skal sendast ut via UMS ved utløysing av grøn, gul eller raud alarm	
13. Kven skal varslast ved grøn, gul eller raud alarm.....	5
14. Varslingsmåte for vakthavande legar.....	6
15. Varslingsmåte for kriseleiinga.....	6
16. Varslingsmåte for definerte seksjonsleiarar.....	7
17. Varslingsmåte for øvrige leiarar og personell.....	7
18. AMK – umiddelbare oppgåver ved ekstern hending – skadde personar.....	7
19. Tiltakskort kriseleiinga.....	8
20. Tiltakskort definerte seksjonsleiarar.....	9

1. Endringar sidan siste versjon

Sist oppdatert mai 2016

2. Rettsgrunnlag

Sjå vedlegg for lenke til aktuelle lovar og forskrifter

3. Føremål med beredskapsplan

Sikre at føretaket er i stand til å yte spesialisthelsetenester til dei som er råka av krise og til befolkninga elles

4. Omfang

Gjeld all verksemd som høyrer inn under Helse Fonna HF. Til denne overordna beredskapsplan høyrer delplanar for ulike hendingar som er risikovurdert til å kunne skje. Delplanane ligg føre i vedlegga. Den enkelte klinikk – område skal i tillegg ha meir detaljerte planer for eigne fagområder

5. Ansvar

Ansvar for oppdatert planverk og for løpande beredskapsarbeid ligg til klinikk for medisinsk service og beredskap

6. Definisjon krise

Uønskt hending som er, eller kan utvikle seg til å bli, meir omfattande og krevjande å handtere enn det føretaket møter i det daglege, på grunn av omfanget eller typen skader eller sjukdom, behovet for ressursar eller tilhøva elles.

7. Krisenivå

GRØNT NIVÅ

Ein uavklart situasjon, der det kan bli behov for ekstraordinære ressursar/ tiltak. Det er eit avgrensa behov for ekstra ressursar. Situasjonen krev auka merksemd.

GULT NIVÅ

Ei uønskt hending med avgrensa omfang har skjedd, der situasjonen må handterast med utvida innsats/ ekstraordinære ressursar/ tiltak.

RAUDT NIVÅ

Ei alvorleg uønskt hending har skjedd og det er stort behov for ekstraordinære ressursar/ tiltak.

Nemninga grønt, gult og raudt nivå blir brukt likt i føretaka i Helse Vest, jamfør regional beredskapsplan. Ved utveksling av informasjon om beredskaps-/krisenivå mellom føretaka skal nemningane brukast for å beskrive kva nivå av krise som er satt. Varsling til Helse Vest RHF eller til anna føretak står administrerande direktør for. Unntak er AMK si varsling av R-AMK som går direkte frå AMK.

8. Prinsipp for kriseleing

Tiltak ved kriser skal i størst mogeleg grad handterast i linjeorganisasjonen. Det inneber at dei som utøver ein aktivitet til dagleg òg skal utøve den i krise, og den som leier eit driftsområde i det daglege skal òg gjere det i krise. Det blir etablert ein kriseleiar og ei kriseleing for å sikre leing og koordinering av situasjonen på tvers av klinikkar og mot eksterne samarbeidspartnarar, jamfør punkt 9.

9. Definisjon kriseleiar og kriseleinga

Kriseleiar: Administrerande direktør (AD) eller den AD peiker ut i sin stad
Kriseleing: AD, (dei kliniske) klinikkdirrektørane, direktør internservice og kommunikasjonssjef. AD kan likevel supplere eller redusere kriseleinga ut frå hendinga sin karakter og/eller behov for kompetanse.

Vakthavande overlege generell kirurgi Haugesund tar i vare funksjon som kriseleiar til AD eller den som er peikt ut av AD er på plass som kriseleiar.

10. Type hendingar

Ei hending kan starte ut frå melding internt eller eksternt om at noko har skjedd, situasjonen er uavklart. Det blir varsla grønt nivå, og kriseleinga vel å følge utviklinga. Det blir eventuelt gjort avgrensa tiltak men kriseleinga utløyser ikkje gul eller raud krisealarm. Situasjonen vil i mange tilfelle kunna blåsast av etter kort tid ved at faren er over/situasjonen løyser seg. Eventuelt kan hendinga utvikle seg til gult eller raudt nivå. Ved brann eller ved melding med opplysningar om fleire skadde vil det vere aktuelt å gå direkte i gult nivå.

Avgjerd om avslutning av krise - tilbake til normalen – skal gjerast av kriseleiar. Avgjerd skal dokumenterast i HelseCim¹.

Hendingar som etter risikokartlegging er vurdert til å kunne utløyse krisealarm grøn, gul eller raud er lista opp under. Delplan for dei ulike hendingane ligg i vedlegg til denne overordna planen.

- Fleire multitraume eller brannskader
- Epidemiar og smittsame sjukdommar
- Gisselsituasjonar og terror
- CBRNE hendingar²
- Bortfall straum

¹ Web-basert dataverktøy for krisehandtering.

² Kjemisk, biologisk, radiologisk, kjernefysiske og forbedret konvensjonelle våpen (Chemical, Biological, Radiological, Nuclear and Enhanced conventional weapons)

- Bortfall telefoni
- Helikopterhavari på taket av Haugesund sjukehus
- Lekkasje vatn, avløp og gass
- Bortfall vatn, avløp og gass
- Bortfall IKT
- Brann
- Oskesky
- Personalkriser – til dømes ulykke med tenestebil
- Forsyningssvikt legemiddel
- Generell forsyningssvikt
- Skred og flaum med fare for personskade eller stengde vegar

11. Kven kan ta avgjerd om utløysing av krisealarm

AD, stadfortredar for AD, klinikkdirektør medisinsk service og beredskap, vakthavande overlege kirurgi Haugesund, og forvakt anestesilege kan ta avgjerd om utløysing av krisealarm. Ved hendingar som er knytt til bygg/teknisk anlegg og infrastruktur, skal teknisk vakt konfererast. Konferering og grunngjeving for utløysing av alarm skal dokumenterast i HelseCim

Alarm kan løysast ut etter oppmoding frå alle sjukehusa i føretaket. Ved hending der det blir meldt om skadde personar må det sikrast at vakthavande overlege kirurgi Haugesund blir varsla raskt.

12. Kva slags informasjon skal sendast ut via UMS ved utløysing av grø, gul eller raud alarm

AMK løyser ut UMS³ varsling etter avgjerd om iverksetting av krisealarm nivå grø, gul eller raud. UMS telefonvarsling skal følgjast opp av tekstmelding med kort info om kva som har skjedd.

Det skal òg gå fram av UMS melding;

- kva nivå av krise som er definert (grø, gul eller raud)
- kva som har skjedd
- om det kun er eit varsel med informasjon, om det er varsel og innkalling til telefonkonferanse, eller om det er varsel og innkalling til oppmøte.

13. Kven skal varslast ved grø, gul eller raud alarm

Grø alarm:

Ved grø alarm skal kriseleinga varslast via UMS. Aktuelle vakthavande legar skal varslast via telefon frå AMK. Klinikkdirektørar og direktør internservice varslar eventuelt sjølv aktuelle leiarar i eigen klinikk manuelt per telefon.

Gul alarm:

Ved gul alarm skal kriseleinga samt definerte seksjonsleiarar/einingsleiarar i klinikkane varslast. Klinikkdirektørane og direktør internservice har ansvar for å peike ut dei som skal vere definerte seksjonsleiarar/einingsleiarar og som dermed skal ligge i gruppevarsling i UMS.

³ Unified Messaging System – Varslingssystem for varsling av personellgrupper.

Om det bare skal setjast i verk varsling med informasjon eller om det òg skal setjast i verk innkalling til oppmøte av leiarar og personell ved gul alarm, avheng av type hending og omfang. Kriseleiar tar avgjerd om det skal setjast i verk innkalling til oppmøte.

Raud alarm:

Ved raud alarm skal kriseleiinga og definerte seksjonsleiarar/einingsleiarar varslast. Kriseleiar tar avgjerd om iverksetting av innkalling til oppmøte for leiarar og personell.

Beredskapskoordinator er sekretær til kriseleiinga, men blir normalt bare varsla ved gul eller raud alarm. Varslas via UMS.

Viss beskjed om oppmøte, er fram møtetstad for medlemmer av kriseleiinga Haugesund sjukehus, møterom styrerom 6. etg.

Innkalling til fysisk oppmøte på bakgrunn av krisealarm skal ikkje settast i verk utan kriseleiar godkjenning. Vakhavande overlege generell kirurgi er kriseleiar inntil administrerende direktør er på plass. Kriseleiar tar avgjerd om utrykkingsteam skal sendast ut og innkalling av erstatning for desse.

Definerte seksjonsleiarar/einingsleiarar – skal varslast via UMS ved gul og raud alarm:

Haugesund

Seksjonsleiar kirurgisk klinikk, seksjonsleiar akutt mottak AMK obs post, seksjonsleiar ambulans område 3, seksjonsleiar service, seksjonsleder teknisk, seksjonsleiar kardiologi, anestesijukepleiar, seksjonsleiar spesialisert behandling, seksjonsleiar DPS Haugaland og Karmøy, seksjonsleiar BUP Haugesund

Stord

Seksjonsleiar kirurgi, seksjonsleiar internservice, seksjonsleiar akuttmedisin, seksjonsleiar ambulans område 2, seksjonsleiar Stord DPS og BUP Stord, vakhavande overlege kirurgi, funksjonsleiar kirurgisk skriveteneste

Odda

Seksjonsleiar somatikk, seksjonsleiar internservice, seksjonsleiar Folgefonn DPS, seksjonsleiar ambulans område 1, seksjonssekretær

Valen

Seksjonsleiar spesialisert behandling, seksjonsleder Folgefonn DPS, seksjonsleiar internservice, vakhavande forvakt, vakhavande overlege

14. Varslingsmåte for vakhavande legar

Varsling per telefon av AMK i henhold til vaktlister- telefonlister

15. Varslingsmåte for kriseleiinga

UMS telefonanrop og SMS – skal utførast av AMK

16. Varslingsmåte for definerte seksjonsleiarar

Varsling via UMS – skal utførast av AMK

17. Varslingsmåte for øvrige leiarar og personell

Øvrige leiarar og personell blir varsla manuelt via telefon etter behov. Ansvar for manuell telefonvarsling ligg til klinikkdirektørane og direktør internservice.

Klinikkdirektørar og direktør internservice har ansvar for at det til ei kvar tid ligg føre oppdaterte lister for einingar deira, der rekkefølge for varsling og eventuell innkalling er avgjort, mellom anna i forhold til stilling, kompetanse og avstand frå bustad til sjukehuset.

Ansvar for å melde om interne hendingar

Alle leiarar og medarbeidarar i Helse Fonna har eit sjølvstendig ansvar for å melde om hendingar dei blir kjende med internt og som kan føre til utløyssing av grø, gul eller raud krisealarm. Melding skal skje til næraste leiar viss denne er tilstade, eller til ein av dei vakthavande legar eller ansvarshavande i eiga eining. Teknisk vakt skal varslast ved hending knytt til bygg og tekniske anlegg som straum, vatn og avløp. Brann eller branntilløp skal varslast i tråd med branninstruks.

Ved hastesituasjon må det sikrast at melding snarast blir gitt til ein av dei som har fullmakt til å ta avgjerd om det skal utløyssast krisealarm, sjå punkt om kven som kan ta avgjerd om utløyssing av krisealarm.

Ansvar for å oppsøke informasjon

Eksterne hendingar vil vanlegvis bli omtalt i både tradisjonelle og sosiale medium.

Medarbeidarar som har leiarrolle eller som har heimevakt må ta kontakt med arbeidsplassen dersom dei blir kjende med hending dei meiner det skulle vore varsla om.

18. AMK – umiddelbare oppgåver ved ekstern hending – skadde personar

- Ta imot informasjon om skadeart
- Ta imot informasjon om skadeomfang
- Bruk medisinsk index med. kap.4 katastrofe – stor ulykke
- All informasjon skal loggast fortløpande i AMIS

AMK varslar;

Legevaktslege i aktuell kommune
Trippelvarsling - POLITI Haugesund/Bergen - BRANN Haugesund/Bergen.
Intern varsling i tråd med denne beredskapsplan
Skaff oversikt over tilgjengelege ambulansar
Aktuelle vakthavande legar Haugesund Stord Odda Valen per telefon ut fra hendingas art og kven som først blir involvert
Fagsjukepleiar AMK
Luftambulanse Stavanger/Bergen
Regional AMK – dei varslar Hovedredningssentralen, luftambulansar ellers i landet og nabosjukehus. Ved ulukker til sjøs, skal Hovedredningssentralen varslast direkte

Varsle vakthavande ambulanseleiar

Når ressursar er sende ut og skadestadsleiinga er sett i verk, halde kontakt med fagleiar helse og operativ leiar helse. Halde oversikt over ressursar, tal på pasientar, skadeomfang. Melder pasientar til mottakande sjukehus, R-AMK og kriseleiing.

19. Tiltakskort kriseleiinga

Klinikkdirektør medisinsk service og beredskap har ansvar for å oppdatere – revidere tiltakskort for kriseleiinga i samråd med administrerande direktør

TILTAJKORT
Administrerande direktør (leiar)
Totalansvaret for Helse Fonna si medisinske verksemd relatert til krisesituasjon og drifta elles
Fordele oppgåver og leie arbeidet i kriseleiinga
Varsle Helse Vest RHF og eventuelt andre føretak, i tråd med regional beredskapsplan
Sikre intern og ekstern informasjon i samarbeid med kommunikasjonssjef
Peike ut medisinsk kompetanse for å ivareta den fagspesifikke informasjon
Peike ut kontaktperson (liaison) til aktuelle kommunar og eventuelt andre samarbeidspartnarar
Vurdere behov for å innkalle anna kompetanse til kriseleiinga enn den dei faste medlemmene har
Ansvar for avslutning av aksjon. Ved avslutning av aksjon skal ein følgje initielle varslingsvegar og sikre at samtlege einingar er varsla om at aksjonen er avslutta

TILTAJKORT
Direktør klinikk for medisinsk service og beredskap
Melde til vakthavande overlege generell kirurg Haugesund når kriseleiinga er etablert
Sikre naudnettstelefon til kriseleiinga
Oversikt ressursar eigen klinikk inkludert blodbank kapasitet
Varsle sekretær til kriseleiinga ved gul eller raud alarm
Ved ekstern hending der politiet har sett redningsleiing; Dialog med lokal redningssentral (LRS)
Oversikt over status for varsling og eventuell innkalling via UMS
Sørgje for nødvendige støtte til den kliniske verksemda
Føre logg i Helse-Cim ved grøn krisealarm
Utarbeide evalueringsrapport etter hendinga. Denne skal vere tilgjengeleg for involvert personell og for kriseleiinga

TILTAJKORT
Direktør, kirurgisk klinikk
Oversikt ressursar eigen klinikk inkludert operasjonskapasitet, intensivkapasitet og respiratorkapasitet
Oversikt over disponible senger eigen klinikk
Sørgje for nødvendig støtte til den kliniske verksemda

TILTAJKORT
Direktør medisinsk klinikk
Oversikt ressursar eigen klinikk
Oversikt over disponible senger eigen klinikk
Sørgje for nødvendig støtte til den kliniske verksemda
Ved behov fordele om ressursar mellom sjukehusa internt i føretaket i samråd med lokale leiarar

TILTAKSKORT
Direktør klinikk for psykisk helsevern
Oversikt ressursar eigen klinikk
Sørgje for nødvendig støtte til den kliniske verksemda
Ta avgjerd om det skal sendast ut psykososiale team
Sørgje for at det blir gjennomført debriefing av utsett personell
TILTAKSKORT
Kommunikasjonssjef
Utarbeide og publisere informasjon til føretakets medarbeidarar
Sørgje for oppretting av pårørandetelefon
Hjelpe kriseleiinga med ekstern informasjon
Informasjon til pårørandesenter ved behov
Hjelpe ved eventuell pressekonferanse

TILTAKSKORT
Direktør internservice område
Oversikt ressursar eige område
Ansvarleg for skalsikring av sjukehusområde
Sikre tilgang til sjukehusområde for utrykkingskjøretøy
Sørgje for transport til utrykkingsteamet viss det er aktuelt
Sørgje for nødvendig støtte til den kliniske verksemda

TILTAKSKORT
Kriseleiingas sekretær (beredskapskoordinator/administrasjonssekretær klinikk for medisinsk service og beredskap)
Føre logg i HelseCim over aktiviteter og avgjerdar
Registrere tidspunkt for utløyising av alarm og eventuelt oppmøte for det enkelte medlem av kriseleiinga

20. Tiltakskort definerte seksjonsleiarar

Klinikkdirektørane og direktør internservice har ansvar for å gi melding om revisjon - oppdatering av tiltakskort for sin klinikk til beredskapskoordinator

Haugesund

TILTAKSKORT
Seksjonsleiar kirurgisk klinikk
Ansvar for fordeling av personell ressursar
Vurderer behov for eventuelle pasientflyttingar intern, eller ut av sjukehuset
Ved behov kontakt direktør kirurgisk klinikk for eventuelle pasientflyttingar til andre sjukehus i føretaket, eventuelt overføring av pasientar til andre helseføretak
Rapporterer til klinikkdirektør kirurgisk klinikk
TILTAKSKORT
Seksjonsleiar akuttmottak, klinikk medisinsk service og beredskap
Vurdere behov for ekstra personellressursar til akuttmottak
Ansvar for drift og pasientflyt i akuttmottak
Kontakt med laboratoriet og røntgen om kapasitet
Hjelpe til med oversikt over interne flyttingar av pasientar

Rapporterer til klinikkdirektør medisinsk service og beredskap
TILTAKSKORT Anestesisjuepleiar, kirurgisk klinikk
Oversikt over operasjon- og intensivkapasitet
Oversikt over respiratorkapasitet
Rapporterer til klinikkdirektør kirurgisk klinikk

TILTAKSKORT Seksjonsleiar ambulanse område 3, klinikk medisinsk service og beredskap
Nemner opp operativ leiar helse (OLH)
Vurderer behov for ekstra koordinator i AMK
Oversikt over prehospitale ressursar
Avgi ambulansarbeidar til samband for utrykkingsteam
Følgje utvikling av hendinga på naudnett
Rapporterer til klinikkdirektør medisinsk service og beredskap

TILTAKSKORT Seksjonsleiar spesialisert behandling, klinikk for psykisk helsevern
Ansvar for å etablere psykososiale støttetjenester
Etablere pårørandesenter etter beskjed fra klinikkdirektør psykisk helsevern
Eventuelt innkalle BUP-personell etter avtale med kriseleiinga
Oversikt over personellressursar
Rapporterer til klinikkdirektør psykisk helsevern

Tiltakskort Seksjonsleiar Haugaland og Karmøy DPS, klinikk for psykisk helsevern
Leie krisearbeidet ved Haugaland og Karmøy DPS og fordeler oppgåver
Vere informert om skadestad og omfang
Sikre intern og ekstern informasjon i samråd med kriseleiinga
Vurdere behov for å innkalle annan kompetanse i samråd med kriseleiinga
Ansvar for at det blir utarbeidd rapport etter hendinga
Rapportere til klinikkdirektør psykisk helsevern
Eventuelt innkalle BUP personell etter avtale med kriseleiinga

Tiltakskort Seksjonsleiar BUP Haugesund, klinikk for psykisk helsevern
Leie krisearbeidet ved BUP Haugesund og fordeler oppgåver
Vere informert om skadestad og omfang
Sikre intern og ekstern informasjon i samråd med kriseleiinga
Vurdere behov for å innkalle annan kompetanse i samråd med kriseleiinga
Ansvar for at det blir utarbeidd rapport etter hendinga
Rapportere til klinikkdirektør psykisk helsevern
Eventuelt innkalle BUP personell etter avtale med kriseleiinga

Tiltakskort Seksjonsleiar medisinsk klinikk

Oversikt over sengekapasitet i medisinsk klinikk
Oversikt over senger medisinsk intensiv/HO + kapasitet maskebehandling BIPAP og CPAP medisinsk intensiv/HO
Oversikt over personellressursar
Rapporterer til klinikkdirektør medisinsk klinikk

TILTAJKORT
Seksjonsleiar teknisk, internservice
Ansvar for å sikre trafikale forhold på sjukehusområdet
Ansvar for innkalling og fordeling av naudsynt teknisk personell
Vurdere behov og sørge for innkalling av ekstern bistand (vassverk, elektrisitetsverk eller anna)
Støtte til den kliniske verksemda
Rapporterer til direktør internservice område

TILTAJKORT
Seksjonsleiar service, internservice
Ansvar for nødvendig skallsikring av sjukehuset
Ansvar for å sikre intern transport/logistikk internt i sjukehuset
Ansvar for intern skilting
Støtte til klinisk verksemd
Ansvar for klargjering av pårørandemottak ved behov
Ansvar for matforsyning til hjelpemannskap og eventuelle andre ved behov
Rapporterer til direktør internservice område

Valen

TILTAJKORT
Seksjonsleiar spesialisert behandling, klinikk for psykisk helsevern
Leie krisearbeidet ved Valen sjukehus og fordeler oppgåver
Vere informert om skadestad og omfang
Sikre intern og ekstern informasjon i samråd med kriseleiinga
Vurdere behov for å innkalle annan kompetanse i samråd med kriseleiinga
Ansvar for at det blir utarbeidd rapport etter hendinga
Rapportere til klinikkdirektør psykisk helsevern
Eventuelt innkalle BUP personell etter avtale med kriseleiinga

TILTAJKORT
Seksjonsleiar DPS Folgefonn, klinikk for psykisk helsevern
Ansvar for at det blir etablert pårørandesenter ved avgjerd om dette
Oversikt ressursar eiga eining
Sørge for at det blir gjennomført debrefing av personell

TILTAJKORT
Vakthavande overlege Valen, klinikk for psykisk helsevern
Halde oversikt over pasientar og kven som eventuelt blir sendt til anna sjukehus
Halde kontakt med skadestad via forvakt
Halde kontakt med pårørande
Hjelpe pårørandesenter med informasjon

TILTAJKORT
Vakthavande lege, forvakt, Valen, klinikk for psykisk helsevern

Vere på skadeplass og halde kontakt med husansvarleg krisekoordinator
Rapportere til vakthavande overlege
Gi medisinsk og psykiatrisk hjelp til involverte pasientar
Leie arbeidet lokalt på Valen fram til seksjonsleiar spesialisert behandling kjem

TILTAJKSKORT
Seksjonsleiar intern service, Valen
Ansvar for naudsynt skallsikring av sjukehuset
Ansvar for intern skilting
Ansvar for å sikre trafikale forhold/intern transport/logistikk
Ansvar for innkalling og fordeling av naudsynt teknisk personell i samråd med kriseleiinga
Ansvar for klargjøring av pårørendemottak i kantina
Ansvar for mat forsyning til hjelpemanskaper og eventuelt andre ved behov
Vurder behov og sørgje for innkalling av ekstern bistand (vannverk, elektrisitetsverk eller anna)
Støtte til klinisk verksemd
Rapporterer til direktør internservice område

Odda

TILTAJKSKORT
Seksjonsleiar somatikk, medisinsk klinikk
Leie arbeidet og sikre samarbeid mellom dei involverte seksjonsleiarane i Odda
Ansvar for fordeling av personalressursar
Oversikt over sengekapasitet
Oversikt operasjon- og intensiv kapasitet
Ta imot informasjon frå AMK og kriseleiinga
Vurdere behov for pasient flyttingar internt i sjukehuset
Ved behov kontakte klinikkdirektør medisinsk klinikk for eventuelle pasientflyttingar til andre sjukehus i føretaket, eventuelt overføring av pasientar til andre helseføretak. Alternativt flytting av personell til Odda
Ta imot melding om ledig kapasitet i sjukehus i regionen
Rapporterer til klinikkdirektør medisinsk klinikk

TILTAJKSKORT
Vakthavande overlege, medisinsk Klinikk
Ansvarleg for sortering-/prioritering av pasientar ved mottak

TILTAJKSKORT
Seksjonsleiar intern service, Odda
Ansvar for naudsynt skallsikring av sjukehuset
Ansvar for intern skilting
Ansvar for å sikre trafikale forhold/intern transport/logistikk
Ansvar for innkalling og fordeling av nødvendig teknisk personell i samråd med kriseleiinga
Ansvar for klargjering av pårørendemottak i kantina
Ansvar for mat forsyning til hjelpemanskaper og eventuelle andre ved behov
Vurdere behov og sørgje for innkalling av ekstern bistand (vannverk, elektrisitetsverk, eller andre)
Støtte til klinisk verksemd
Rapporterer til direktør internservice område

TILTAJKSKORT
Seksjonsleiar ambulanse område 1, klinikk for medisinsk service og beredskap

Ha oversikt over tilgjengelige pre-hospitale ressursar
Oppnevne operativ leiar helse (OLH).
Opprette kontakt med vakthavande ambulanseleiar
Følgje utviklinga over naudnett
Rapporter til klinikkdirektør medisinsk service og beredskap

TILTAKSKORT
Seksjonsleiar DPS Folgefonn, klinikk for psykisk helsevern
Etablerer og har ansvar for psykososiale støttetjenester på pårørandesenter
Eventuelt kalle inn barne- og ungdomspsykiatrisk team i samråd med kriseleinga
Ansvar for psykiatrisk bistand til skadde personar innlagt ved Odda sjukehus
Ansvar for å etablere debriefingsmøte for eige personell i Helse Fonna
Rapporterer til klinikkdirektør psykisk helsevern

Stord

Tiltakskort
Klinikkdirektør, somatisk klinikk, Stord
Leier arbeidet lokalt på Stord og fordeler oppgaver
Ansvar for omfordeling av personellressursar.
Mottar fortløpande informasjon frå resten av kriseleinga
Mottar informasjon om kapasitet ved sjukehus i regionen
Vurderer eventuelt behov for pasient flyttingar intern, eller ut av sjukehuset.
Ved behov kontakt klinikkdirektør kirurgisk klinikk for eventuelt pasientflyttingar til andre sjukehus i føretaket, eventuelt overføring av pasient til anna helseføretak. Alternativt flytting av personell til Stord
Rapporterer til kriseleiar

Tiltakskort
Seksjonsleiar, kirurgisk avdeling, somatisk klinikk, Stord
Oversikt over personalressursar eigen seksjon
Oversikt over sengekapasitet

Tiltakskort
Vakthavande overlege, kirurgisk avdeling, somatisk klinikk, Stord
Ansvarleg for sortering og prioritering i mottak

Tiltakskort
Funksjonsleiar kontortjeneste, somatisk klinikk, Stord
Loggføring og ordonnansfunksjon

Tiltakskort
Seksjonsleiar, ambulanse område 2, klinikk for medisinsk service og beredskap
Oversikt over pre-hospitale ressursar
Nemne opp operativ leiar helse (OLH)
Opprette kontakt med vakthavande ambulanseleiar

Følgje utviklinga over naudnett	
Rapporter til klinikkdirektør medisinsk service og beredskap	

Tiltakskort
Seksjonsleiar, akuttmedisinsk avdeling, somatisk klinikk, Stord
Oversikt operasjon- og intensivkapasitet
Organisere sjukepleietenesta i akuttmottak
Gi mottaksavdeling melding om pasientar som er venta inn
Etablerer kommunikasjon med akuttmottak

Tiltakskort
Seksjonsleiar Stord DPS og BUP Stord, klinikk for psykisk helsevern
Ansvar for- og etablerer psykososiale støttetjenester på pårørandesenter
Vurdere behov for å kalle inn barne- og ungdomspsykiatrisk team i samråd med kriseleiinga
Vurdere tilkalling av DPS personell i samråd med kriseleiinga
Ansvar for innkalling av personell til debriefing i samråd med klinikkdirektør somatikk Stord. Lokale for debriefsamling: Auditoriet DPS Stord
Rapporterer til klinikkdirektør klinikk for psykisk helsevern
Leie krisearbeidet ved BUP Stord sjukehus og fordeler oppgåver
Vere informert om skadestad og omfang
Sikre intern og ekstern informasjon i samråd med kriseleiinga
Vurdere behov for å innkalle annan kompetanse i samråd med kriseleiinga
Ansvar for at det blir utarbeidd rapport etter hendinga
Rapportere til klinikkdirektør psykisk helsevern
Eventuelt innkalle BUP personell etter avtale med kriseleiinga

Tiltakskort
Seksjonsleiar internservice, Stord
Ansvar for naudsynt skallsikring
Ansvar for intern skilting
Ansvar for å sikre trafikale forhold/intern transport/logistikk
Ansvar for innkalling og fordeling av nødvendig teknisk personell i samråd med kriseleiinga
Ansvar for klargjering av pårørandemottak i kantina
Ansvar for forsyning til hjelpemannskap og eventuelle andre
Vurderer behov og sørgje for ekstern bistand (vannverk, elektrisitetsverk eller andre)
Støtte til klinisk verksemd
Ansvar for matforsyning til hjelpemannskap
Rapporterer til direktør internservice område